



## Notat

Dato: 02.11.2017  
Arkivsak: 2017/16474-5  
Saksbehandlar: sigbjer

---

<b>Til:</b>	Gunhild Raddum, Endre Sten Nilsen, Øystein Skår, Jomar Ragnhildstveit, Endre Korsøen, Tale Halsør, Hanne Espe
<b>Frå:</b>	fagleiar kommunale plansakar Eva Katrine Taule, saksbehandlar Sigrid Næsheim Bjercke

---

### Innspel til Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030 - Bergen kommune

Kommuneplanens arealdel for Bergen er lagt ut på høyring. Planarbeidet har verknad for eit sett ulike regionale interesser, og vi legg difor vekt på tett samhandling på tvers. Fram til no har det vore fire førebuande møter knytt til fire temaområder, der folk frå dei ulike fagområda har delteke. Møta har omhandla *Bergen regionen og boligforsyning, Kvalitet i byutvikling, Blågrønne Bergen, Klimatilpassing og ROS og Bærekraftig transport*. Møta har vore nyttig for å identifisere viktige tema som fylkeskommunen bør legge særleg vekt på i sitt fråsegn til planen. Vi har også fått ein viss oversikt over der det kan vere konflikt mellom ulike interesser.

Frist frå Bergen kommune er sett til 31. desember. For å få nok tid til ein tilfredstillande fagleg prosess og tid til involvering av politisk nivå, har vi fått utsett frist til etter møte i KIRU, 23.januar. Framdrifta vil vere som følger.

- 28. november – frist notat frå dei ulike avdelingane
- 12. desember – frist saksframlegg til fagleiar, Eva Katrine Taule
- 18. desember - frist regionaldirektør
- 09. januar - frist rådmann
- 16. januar utsending KIRU
- 23 .januar møte KIRU

Vi har sett frist om notat frå dei ulike avdelingane til **28. november**. Om det er behov for anna frist, skjer dette etter nærmare avtale.

Saksdokumenta ligg på **snr. 2017/16474**. I dokumenta finn de lenke til Bergen kommune sine nettsider med meir bakgrunnsstoff. Dette notatet går til alle plankontaktane med kopi til seksjonsleiarar. Er det andre som bør involveras, ber vi dykk syte for det. Vi vil kalle inn til samhandlingsmøter der vi ser det er behov.

Kopi til:

Britt Karen Spjeld  
David J Aasen Sandved  
Thorbjørn Aarethun  
Gudrun Einbu  
Sølve Sondbø